

Dato: 15.01.2019

Alver Kommune
Byggesak
Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Søknad om dispensasjon fra krav om avstand til vegmidte FV 57, fram til oppstart nytt veganlegg. (Denne er sendt til Statens vegvesen 15.01.20)

Søknad om mellombels dispensasjon jamfør Pbl. § 19-2. frå formål i vedteken Reguleringsplan 1263-201201. SAK: Nytt mellombels materiallager i strid med plan.

Vestland Fylkeskommune søker om forlenga dispensasjon fra krav om avstand til vegmidte FV 57, for eksisterande hall, og og dispensasjon for nytt mellombels materiallager. Fylkeskommunen driv i dag vidaregåande skule på staden som også er i strid med vedteken ny plan frå 2014. Vestland Fylkeskommune skal bygge nye skulebygg for byggfaga i Knarvik og det er tenkt å samle einingane i nærleiken oppe ved Juvikstølen. Behovet for bygga ser ut til å vere fram til 2025, slik det viser på vedlegg D – 1. Avstand er 20 meter frå senterlinje veg. Vi har hatt ein plasthall ståande vesentleg lenger enn løyve vart gjeve. Vi fekk eit mellombels løyve på fem år i 2010, då nybygg ved skulen var planlagt utført tidlegare. Vi beklager situasjonen, samtidig som vi erfarer at bygget ikkje har stått i vegen for realisering av vedtekne planer for FV 57 i 2014. Vi må drive vidaregåande opplæring her fram til nytt bygg er på plass. Bygglinja ved skulen har hatt stor nytte av hallen, og vil gjerne ha den stående der den er til skulen får samla einingane sine på planlagt tomt i nærleiken. Materiallageret vi søker om er også etterlengta, og vil vere eit stort pluss for undervisninga. Situasjonen for lagring av materialer er ikkje den beste. Difor søker vi no om å få setje opp eit mellombels ope bygg på staden like ved plasthallen som er vist på D – 1. Dette blir eit kjekt elevarbeid, samstundes som det er svært nyttig for byggklassene.

Når det gjeld kommunen si handsaming av saka ber vi om forenkla behandling. Det skulle ikkje vere naudsynt å sende denne søknaden til høyring hos Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Grunnen er at begge bygga er klart i strid med er vedteken reguleringsplan, og spørsmålet er berre kor lenge kan bygga kan stå før dei må rivast. Dette kan det sikkert ikkje gjevast klart svar på, då vegprosjektet gjerne ikkje er tidfesta enno for oppstart. Vi ber om at det vert utvist skjønn i saka, slik at lovpålagt vidaregåande opplæring kan halde fram på ein god måte på denne etablerte skulestaden, fram til at det vert ei klar interessekonflikt. Då vil dei to bygga verte raskt fjerna. Det tek berre ei veke å rive aktuelle bygg.

Med venleg helsing


Lyder K. Leithaug

Mob: 920 13 472